
Vår referanse 2020/40605-1
Dato 17.02.2020

ALVER KOMMUNE
Postboks 4
5906 FREKHAUG

Att. Larissa Dahl

Kulturminnefagleg fråsegn - Søknad om dispensasjon - Eikeland gnr. 242, bnr. 65 - Alver kommune

Viser til brev dagsett 25.11.2019 med ovanfor nemnde sak til fråsegn, og til vårt brev av 12.12.2019. med varsel om synfaring.

Arkeologar frå Vestland fylkeskommune gjennomførte synfaring i det gjeldande arealet 14.02.20. Det vart ikkje påvist synlege automatisk freda kulturminne eller andre kulturminne med høg nasjonal eller regional verdi under synfaringa. Det er ikkje trong for ytterlegare arkeologiske registreringar.

Elles gjer vi merksam på meldeplikta etter kulturminnelova § 8, 2. ledd. Dersom automatisk freda kulturminne som gjenstandsfunn, flekkar med trekol eller konstruksjonar vert avdekt under gjennomføring av tiltaket, må dette straks meldast til Vestland fylkeskommune, og arbeid stansast til funnet er vurdert.

Vestland fylkeskommune har ingen vidare merknader i saka i samband med kulturminne.

Med helsing

Inger Lena Gåsemyr
fagleiar - arealplan

Sigrun Wølstad
seniorrådgjevar

Brevet er elektronisk godkjent og har difor ingen handskriven underskrift